

REFERAT ÅRSMØTE NYSÆTER KYRKJELYD

Tid: Søndag 12. april 2026
Stad: Nysæter kyrkje

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

27 medleamar møtte til årsmøte i kyrkjerommet etter kyrkjekaffien der det vart servert marsipankake, sjokoladecake og kjeks. Reidun Andersen vart valgt som referent, Ida Elin H. Tvedt og Helene A. Petterteig vart valgt til å signere referatet.

Bjarne Petterteig, som er medlem i AU i soknerådet, ynskte velkommen, og snakka litt om arbeidet som soknerådet gjorde i 2025. Vidare sa han litt om arbeidet som ellers vert utført av staben. Årsrapporten vart ikkje lest opp, då mange allerede har lese den.

Søndagsskulen starta opp igjen i 2025, og Brynhild M. Stautland er ein av leiarane. Ho informerte litt om korleis oppstarten var i fjor, og korleis ein legg samlingane opp. Dei startar med ei kort bibelforteljing, og god tid til leik og andre aktivitetar etterpå. Opplegget er lagt enkelt opp, slik at ein ikkje treng mykje forbereding. Kjekt om fleire har lyst å vere med og leie søndagsskulen. Det har vore mindre oppmøte i 2026 enn i 2025, dette må det gjerast noko med; infokanalar av ulike slag.

Sakshandsamar Reidun Andersen gjekk kort gjennom rekneskapet og informerte litt om kva som ligg i dei ulike tala.

Sokneprest Olav J. Oma sa noko om si oppleving som ny sokneprest. Han har allereie fått til endringar i kyrkjerommet; døypefonten ned på golvet slik som det opprinneleg var tenkt, og Per Flatøy har laga eit mindre alterkors. Olav gler seg over å vere sokneprest i Nysæter.

Årsrapporten ligg til gjennomsyn i kyrkja og på heimesida.

Kommentarar/informasjon elles i møtet:

- Takk til sokneprestane som har vore tidlegare, og me er glad for Olav J. Oma som no er komt til oss.
- Det er mørkt i kyrkja då mange lys ikkje virkar, spørsmål om kva tid dette vert ordna. Nestleiar i soknerådet informerte om at tre verksemder er spurdt om å levere tilbod på dette då heile lysopplegget må nytt. Fristen for å levere tilbod var før påske. Prosessen er i gong.
- Ynskje om at det står meir om arbeidet til Etter skuletid, og Puls på livet i årsrapporten. Leiarane for desse to aktivitetane vart oppmoda om å skrive noko i neste årsrapport.
- Ynskje om brannøving og gjennomgang av rutinar rundt dette, då det er mange år sidan sist.
- Bårehuset får nytt kjøleagregat i løpet av kort tid. I mellomtida medan dette arbeidet pågår, vert preikestolen ståande i kyrkjerommet. Den vart teken ut frå kyrkjerommet i 2014 då den ikkje lenger var i bruk.

Referent Reidun Andersen.

12/4-26 Helene A. Petterteig

13/4-26 Ida Elin H. Tvedt.